



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Elisabeth Lund-Iversen
Telefon: 57 65 51 19
E-post: eli@fmsf.no

Vår dato
11.03.2009
Dykkar dato
23.01.2009

Vår referanse
2009/522 - 721.10
Dykkar referanse

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8019 Dep
0030 Oslo

ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENTET

MOTTATT

13 MAR 2009

Høyring om lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga

Vi viser til høyringsnotatet. Vi ser at her ikkje er store materielle endringar frå tidlegare lov, den nye lova er stort sett ei vidareføring. Vi har difor ikkje noko omfattande uttale til denne høyringa, men det er nokre punkt vi vil kommentere.

Føremålsparagrafen er noko endra, og det er positivt at målet om overgang til arbeid er komme med. Det generelle ansvaret for å medverke til å skaffe bustad til vanskelegstilte personar er framleis regulert i lova, difor meiner vi at føremålet om at den enkelte får muligheit til å leve og bu sjølvstendig bør vidareførast. Vi meiner også at "å bedre levevilkårene for vanskelegstilte" framleis bør vere med. Ei av dei viktigaste oppgåvene til NAV-kontora er å få til betre tenester og meir koordinerte tenester for vanskelegstilte.

Når det gjeld kompetansen til fylkesmannen i klagesaker, så er det i framlegget til ny lov framleis slik at kompetansen til å prøve skjønnnet er avgrensa til dei tilfella der skjønnnet er openbart urimeleg. Når vi ser dette i samanheng med § 2-3 i lovforslaget der det er stilt krav til forsvarlege tenester, og det vil bli ei vurdering av kva som er "forsvarleg", meiner vi det kan verte konflikt i nokre saker. Ved tilsyn vil fylkesmannen/Statens Helsetilsyn få mandat til å vurdere om tenestene er forsvarlege. Dette bør etter vår meining tilseie at dette må gjenspeglast i § 7-1.

Vi ser elles positivt på at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunen si verksemd som gjeld økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet.

Med helsing

Petter Øgar
avdelingsdirektør

Arne Røyryk
seksjonsleiar

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
internett:
www.fylkesmannen.no/sfj